



## Austevoll kommune

FISKERIDIREKTORATET

Postboks 185 Sentrum  
5804 BERGEN

Dykkar referanse	Vår referanse	Dato
	2026/1178-3	24.06.2026

### Høyringsuttale Austevoll kommune – fiskeritillatelser, kvotetak og fordeling av strukturegevinst

Austevoll kommune viser til høyring frå Fiskeridirektoratet om fiskeritillatelser, kvotetak og fordeling av strukturegevinst.

#### Bakgrunn

Austevoll kommune er ein av landets største fiskerikommunar og fiskerinæringa betyr mykje for sysselsetting og verdiskaping i kommunen og regionen for øvrig. Våre fiskeriverksemder bidrar til rekruttering til fiskerinæringa, gjennom eit godt samarbeid med Austevoll Opplæringskontor og Austevoll vidaregåande skule, som utelukkande tilbyr utdanning innan marine og maritime fag.

Austevoll sin nyleg vedtekne samfunnsplan har som delmål at kommunen skal vere ein aktiv pådrivar for utvikling av fiskerinæringa i kystsona. Utviklinga av rammevilkår for fiskeflåten er av svært stor betydning for lokalsamfunnet.

Kommunen meiner det er avgjerande at reguleringane legg til rette for ei **aktiv, variert og berekraftig fiskeflåte**, med god rekruttering og lønsemd i alle flåtegrupper.

Austevoll kommune har god dialog med Austevoll fiskarlag og ynskjer å spele inn at direktoratet må etterstrebe eit enklare og meir oversiktlege regelverk. Stabilitet og forstålege strukturar er viktig for både næringa og forvaltninga.

Av konkrete tilbakemeldingar ynskjer vi å åtvare mot auka lukking av fiskeri. Det er viktig at reguleringane legg til rette for at kvotane faktisk vert fiska, samtidig som ein ivaretek fleksibilitet og rekruttering.

Vi ynskjer å understreke kor viktig rekruttering er for framtida til fiskerinæringa.

Kommunen støttar at:

- Rekrutteringskvotar frå tidlegare ordningar får tilbakefall frå avkorting og struktur
- Desse må behandla likt som andre kvotar.

Dette er viktig for å sikre reell rekruttering og langsiktig berekraft.

Avslutningsvis vil vi understreke at fiskerinæringa er ein berebjelke i kystsamfunnet. Det er avgjerande at framtidige reguleringar:

- Sikrar aktivitet langs heile kysten vår
- Gir føreseielege rammevilkår
- Støttar opp under rekruttering og lokal verdiskaping

Kommunen oppmodar difor om at det vert valt løysingar som er enkle, rettferdige og som styrkjer den aktive fiskeflåten.

Med helsing

**Austevoll kommune**



Bente Kari Sletten Taranger  
ordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent.